



Bilag 1.A

Generell skildring og funksjonsskildring

ved anskaffing av Entrepise trafobygg og el-tavlerom

Generell skildring

1 Kort om omfang av anskaffinga

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS skal gjennomføre ein totalentreprise for oppføring av trafobygg og el-tavlerom på byggherres eigedom.

Trafobygget skal etablerast i direkte tilknytning til vaskeanlegget som er under oppføring, og skal mellom anna sikre elektrisk forsyning til anlegget. Prosjektet omfattar ferdigstilling av eit komplett og driftsklart bygg, inkludert prosjektering, utføring, samordning og dokumentasjon.

Entreprisen omfattar mellom anna:

- Betong og bygningsmessige konstruksjonar
- Trafobygg og el-tavlerom i samsvar med teikningar
- Ivaretaking av tekniske krav frå BKK til nettstasjon i bygg

Levering av transformator og hovudtavler inngår ikkje i entreprisen.

For ytterlegare informasjon om anskaffinga sitt omfang og innhald vises det til funksjonsskildringa og dokumenta elles oppgjeve i *bilag 1.D – Dokumentliste*.

2 Entreprisemodell og organisasjon

2.1 Entreprisemodell

Oppdragsgivar vil inngå kontrakt som byggar på kontraktsstandarden «NS 8407:2011 Norsk bygg- og anleggskontrakt», samt dokumenta som oppgjeve i *bilag 1.D – Dokumentliste*.

2.2 Byggherres organisasjon

Byggherre – Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR IKS)

Byggherres representant og prosjektleiar – Eivind Sagstad, NGIR Næring AS

Koordinator i prosjekteringsfasa og utføringsfasa – Eivind Sagstad, NGIR Næring AS

2.3 Totalentreprenørens organisasjon

Totalentreprenøren skal leggje ved sin organisasjonsplan for prosjektet, der nøkkelfunksjonar og kven som innehar disse går fram.

3 Grensesnitt

Trafobygget skal etablerast i direkte tilknytning til vaskeanlegget som er under oppføring. Det presiserast derfor at det vil gå føre seg parallelle arbeidar på byggeplassen.

Utover ein generell plikt til nødvendig samordning, ryddigheit og alminneleg aktsemd på byggeplassen, er det ikkje andre særlege grensesnitt mellom totalentreprenørane respektive arbeidar som krev særskild koordinering. Totalentreprenøren pliktar likevel å innrette si drift slik at anna arbeid på området ikkje vert hindra unødig.

Funksjonsskildring

1 Tekniske krav

1.1 Standardar og godkjenning

Gjeldande lovar og forskrift, samt Norske Standardar for denne type prosjekt, leggast til grunn for entreprisen.

1.2 Ytre miljø

Entreprisen skal planleggast og utførast slik at ytre miljø ikkje påverkast negativt.

Generelt skal anleggsarbeidar ikkje utførast i helg eller heilag dagar, og ikkje mellom 21:00 og 06:00 kvardagar. Utover dette føreligg ikkje andre særskilde krav til arbeidstid.

Totalentreprenøren kan organisere arbeidet sitt i skift om ønskeleg.

Totalentreprenøren skal lage avfallsplan, og sørge for avfallshandsaming, -sortering og -tømming. Dokumentasjon på levering av avfall skal leverast i FDVU-dokumentasjonen.

1.3 Andre rammevilkår

Vaskehallen vil vere klargjort for veggjar. Sjå teikningar (*bilag 1.B.2 – Teikningar*).

1.4 Generelle krav til trafobygg og el-tavlerom

1.4.1 Funksjon

Totalentreprenøren skal oppføre eit nytt trafobygg med tilhøyrande el-tavlerom på eigedom gnr./bnr. 177/36, Lindåsvegen 1261, 5956 Hundvin, Alver kommune.

Trafobygget skal etablerast i direkte tilknytning til vaskeanlegg som er under oppføring, og skal mellom anna sikre elektrisk forsyning til anlegget.

Entreprisen omfattar betong- og bygningsmessige konstruksjonar.

Trafobygget skal byggast iht. teikningar *A2-109 Trafobygg og EL-tavle* (arkitektskisse), *B320 Trafo* (betongkonstruksjonar) og *B525 Armering – TRAF0* (armering).

Totalentreprenøren kan tilby takløyning med tekka fallisolasjon i staden for tradisjonell trekonstruksjon over betongdekke dersom det vurderast hensiktsmessig.

Trafobygget skal ivareta alle BKKs tekniske krav til nettstasjon i bygg iht. skildring *Tekniske krav til nettstasjon i bygg* og teikning *Tekniske krav til nettstasjon i bygg, plan og snitt*.

Levering av transformator og hovudtavler inngår ikkje i entreprisen.

Entreprisen omfattar ferdigstilling av eit komplett og driftsklart bygg, inkludert prosjektering, utføring, samordning og dokumentasjon.

1.4.2 Prosjektering og ansvar

Totalentreprenøren har fullt ansvar for heilskap, koordinering og ferdig funksjonell leveranse i samsvar med gjeldande forskrifter og krav.

Totalentreprenøren skal sørge for all nødvendig prosjektering for å kunne levere kontraktsgjenstanden i samsvar med kontrakten. Totalentreprenøren skal likevel legge til grunn dei krav og teikningar som følgje av *bilag 1* med vedlegg.

Byggherre har risikoen for val av løysningar og anna prosjektering som enten går fram av kontraktsdokument utarbeidd av ham, eller som han etter kontraktsinngåing pålegg totalentreprenøren å følgje.

Totalentreprenørens undersøkings- og varslingsplikt etter NS 8407:2011 pkt. 25 gjeld.

1.4.3 Miljøkrav

Nr.	Spesifikasjon
Miljø 1	Betongkonstruksjonar Det skal i prosjektet nyttast betong av minimum type Lavkarbon 30 (LK30) iht. NB37:2025. Merk at andre krav til betong ref. teikningar skal oppfyllest. <i>Dette skal dokumenterast med EPD eller anna relevant dokumentasjon.</i>
Miljø 2	Armeringsjern Alt armeringsjern som nyttast skal vere produsert med minimum 98 % resirkulert stål. <i>Dette skal dokumenterast med EPD eller anna relevant dokumentasjon.</i>
Miljø 3	Køyretøy og anleggsmaskinar Alle lastebilar eller liknande køyretøy som skal nyttast i prosjektet skal minimum tilfredsstilla utsleppskrav iht. Euro 6. Alle anleggsmaskinar over 19 kW som skal nyttast i prosjektet skal minimum tilfredsstilla utsleppskrav iht. EU Steg 5. Alle stasjonære maskinar som skal nyttast i prosjektet skal vere utsleppsfrie.
Miljø 4	Avfallshandsaming

	<p>Totalentreprenøren skal som minimum oppnå ein avfallssorteringsgrad på 80 %.</p> <p>Mengde avfall og sorteringsgrad skal rapporterast til byggherre.</p>
Miljø 5	<p>Oppvarming og uttørking</p> <p>Oppvarming og uttørking av trafobygget under oppføring skal skje utsleppsfritt. Dette kan til dømes gjerast ved bruk av fjernvarme eller elektriske byggvarmare.</p>

2 Rigg og drift

2.1 Generelt

Byggherre vil sørge for tilkomst til byggeområdet, riggområde og byggestraum. Entreprisen skal omfatte alle rigg- og driftskostnader utover dette i byggeperioden.

Totalentreprenøren skal opptre omsynsfullt og gjennomføre arbeid på ein slik måte at konstruksjonar eller annet på byggeplass ikkje påførast skade. Eventuell skade skal utbetrast med ein gong, utan kostnad for byggherre.

2.2 Riggområde

Totalentreprenøren skal etablere eigen brakkeløysning med kontor og fellesområde for møteverksemd og måltid, og anleggsbrakke med skift- og tørkerom og sanitær på riggområdet. Totalentreprenøren skal sjølv tilpasse bruk av riggområdet etter behov. Brakkeløysning skal etablerast på allereie etablert rigg.

Alle fasilitetar skal tilfredsstillе arbeidstilsynets krav.

Totalentreprenøren skal sikre at byggeplassen haldast ryddig og i god orden.

2.3 Tilkomst

Byggherre vil sørge for tilkomst til byggeplassen, samt parkering for totalentreprenørens tilsette.

2.4 Straumforsyning, internett og VA

Byggherre vil sørge for byggestraum 400 V 63 A på byggeplassen. Riggområdet har ikkje kabla internett eller moglegheit for tilknytning til vann og avløp.

3 Krav til byggeprosessen

3.1 Kommunikasjon

Varslar og krav, og anna kommunikasjon i entreprisen, skal skje skriftleg via e-post til byggherres representant.

Telefonkommunikasjon kan nyttast for enkle førespurnader utan særleg betydning for kontrakten, men byggherre kan i så tilfelle krevje at kommunikasjonen skriftleggjerast ved behov.

3.2 Møte

Det skal gjennomførast byggemøte og vernerunde på byggeplassen annakvar uke. Totalentreprenøren kallar inn til slike møte og byggherres representant deltar.

Byggherre kan kalle inn til koordineringsmøte med totalentreprenør og totalentreprenør for totalentreprisen for vaskeanlegget ved behov.

Det kan gjennomførast sær møte på byggeplassen så ofte som byggherren eller totalentreprenøren finn det nødvendig.

Totalentreprenøren har møteplikt med det personell som byggherre innkallar.

Totalentreprenøren er ansvarleg for å føre referat frå møter i prosjektet.

3.3 Rapportering

Totalentreprenøren skal i byggemøte og etterfølgande referat rapportere om følgande:

- Framdrift
- SHA og HMS-statistikk med opplysningar om eventuelle hendingar og tiltak
- KS-kontroller med opplysningar om eventuelle avvik og tiltak
- Økonomi
- Miljø
- Leveransar/avklaringar frå byggherre nødvendig for å hindre forseinkingar

3.4 Sikkerheit, helse og arbeidsmiljø (SHA)

3.4.1 Overordna

Byggherre har ein nullvisjon og eit mål om å unngå alle skadar og farlege tilløp i samsvar med denne entreprisen. Det er soleis forventa svært høg standard på SHA-arbeidet og eit godt samarbeid mellom alle verksemder som er involvert.

Byggeplassen skal til kvar tid vere oversikteleg og ryddig, og anleggsområde skal avsperrast og sikrast tilstrekkeleg mot uhell og ulykker. Totalentreprenør skal om naudsynt sikra arbeidsplassen med godkjent gjerde. Sikringa skal vere tilpassa lokasjonen.

Byggherre utarbeidar SHA-plan for entreprisen.

Før eventuelle kritiske arbeidsoperasjonar skal totalentreprenøren utarbeide ein Sikker-Jobb-Analyse (SJA-analyse).

Det skal gjennomførast vernerundar i forbindelse med byggemøter som skal rapporterast skriftleg via referat. Totalentreprenør organiserer og refererer vernerundane.

Om det oppstår skadar eller andre alvorlege hendingar, skal dette omgåande rapporterast til byggherre. Om det fyrste varselet er gjeve munnleg, skal det fylgjast opp med skriftleg varsel så snart det er praktisk mogleg. Skjema med foreløpige tiltak skal vere levert til byggherre innan 24 timar.

Endeleg gransking med kartlegging av orsakar og tiltak, skal leverast byggherre innan 14 dagar om ikkje anna er avtalt.

Sjå elles bilag 1.C – Spesielle kontraktsreglar.

3.4.2 Lov 17. juni 2005 nr. 62 om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven)

Byggherre er hovudbedrift med ansvar og forpliktingar iht. arbeidsmiljøloven § 2-2.

3.4.3 Forskrift 3. august 2009 nr. 1028 om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplasser (byggherreforskriften)

Byggeplassen i denne entreprisen er omfatta av byggherreforskrifta. Dei reglar som følgje av forskrifta skal følgjast.

Byggherre skal vere koordinator for SHA-arbeida i heile prosjektet med det omfang som angitt i byggherreforskrifta, jf. byggherreforskrifta §§ 13 og 14.

3.4.4 HMS-opplæring og verneutstyr og -klede

Totalentreprenøren skal sikra at alle som skal utføra arbeid på byggeplassen deltek på HMS-introduksjon og har signert personleg tryggleiksinstruks (PSI) før oppstart.

For å sikre at alle som skal arbeide på byggeplassen gjennomgår opplæringa, skal totalentreprenøren planlegge og gjennomføre HMS-kurs på byggeplassen. Alle på byggeplassen skal delta på opplæringa. Byggherrens representantar skal gis moglegheit til å delta på HMS- kursa. Totalentreprenøren skal føre oversikt over og rapportere månadleg kven som har gjennomført denne opplæringa. Byggherres SHA-plan skal inngå i HMS-opplæringa.

Totalentreprenøren skal forhalda seg NGIR sine krav til bruk av personleg verneutstyr. Som minimum skal det alltid nyttast synlegheitsklede iht. EN 471 (klasse 2), hjelm og vernesko.

Firmanamn skal alltid vere synleg.

Sjå elles bilag 1.C – Spesielle kontraktsreglar.

3.5 Kvalitetssikring (KS)

Totalentreprenøren skal utarbeide ein kvalitetsplan for entreprisen, basert på totalentreprenørens overordna kvalitetssystem.

Kvalitetsplanen skal vere tilpassa byggeplass og entreprisen. Han skal vere så enkel og kortfatta som mogleg, men likevel dekke alle operasjonar i byggeprosessen, og som minimum innehalde ein organisasjonsplan og oversikt over arbeidsprosedyrar.

3.6 Miljøoppfølging

Byggherre har ein målsetjing om at all verksemd på byggeplassen skal planleggast og gjennomførast på ein slik måte at prosjektet i minst mogleg grad påverke det ytre miljøet. Vidare har byggherre også ein målsetjing om at entreprisen skal gjennomførast med låg klimapåverknad og låg klimagassutslepp.

Totalentreprenøren skal følgje opp miljø løypande og rapportere på miljø i byggemøte med byggherre.

Sjå elles egne krav til miljø i dette dokument pkt. 1.4.3.

3.7 Offentleg omtale

All informasjon og offentlig omtale av entreprisen skal gå via byggherres representant.

4 Fristar og dagmulkt

4.1 Fristar*

Totalentreprenør legg fram framdriftsplan	Seinast 2 veker etter kontraktsinngåing. Totalentreprenøren skal legge fram detaljert framdriftsplan. Framdriftsplanen skal vere innanfor dei rammar som er angjeve i kontrakten, og vise hovudaktivitetar og sentrale milepælar.
Byggherre legg fram SHA-plan	Byggherre skal før oppstart av arbeid på byggeplass levera skriftleg plan for tryggleik, helse og arbeidsmiljø (SHA-plan) iht. Byggherreforskrifta §§ 7 og 8.
Igangsetting av arbeid på byggeplass	Uke 42.
Levering av FDVU-dokumentasjon	FDVU-dokumentasjon skal leverast seinast 2 veker før påbyrjing av overtakingsforretning. Før overlevering skal leverandør ha ein gjennomgang av materialet med byggherres prosjektleiar. All FDVU-dokumentasjon skal ha tilnamn som er sjølvforklarande.
Opplæring	Nødvendig opplæring skal vere gjennomført før overtaking.
Overtaking av arbeidet/sluttfrist	Seinast 01.02.2027.

*Igangsetting av arbeid på byggeplass og sluttfrist forutsette kontraktsinngåing iht. framdriftsplanen i Del I – Konkurransgrunnlag pkt. 2.4. Ved forsinka kontraktsinngåing vil fristane vert forskyvt tilsvarande.

*Ved andre forseinkingar utanfor totalentreprenøren si kontroll, vil sluttfrist vert forskyvt tilsvarande.

4.2 Dagmulktbelagde fristar

Sluttfrist er dagmulktbelagt.

Dagmulkt for sluttfrist: 1 promille av kontraktssummen ved overskriding av sluttfrist, men ikkje mindre enn kr. 3000.

5 Vederlaget

5.1 Prissamanstilling

Entreprenørens totalpris går fram av bilag 3 – Vederlaget. Totalprisen omfattar alle kostnader i samband med entreprisen.

Totalentreprenøren skal i tillegg levere ein detaljert kalkulasjon av innhaldet i totalprisen i eget vedlegg.

5.2 Regningsarbeid

Regningsarbeid prisast i bilag 3 – Vederlaget.

Totalsum per kategori regningsarbeid skal førast til evalueringssummen og vil bli nytta ved evaluering av tilbod, men vil ikkje inngå i kontraktssummen.

Timeprisar for regningsarbeid vil bli ein del av kontrakten.

5.3 Indeksregulering

Kontraktens prisar kan ikkje indeksregulerast.

5.4 Fakturering

Iht. NS 8407:2011 og spesielle kontraktsreglar.

Faktura og eventuell kreditnota, purringar og liknande skal sendast på elektronisk handelsformat (EHF) til byggherre.

Fakturaadresse: [vert fylt inn før kontraktsignering]

Merknad til faktura: [vert fylt inn før kontraktsignering]

6 Vedlegg

Sjå bilag 1.D – Dokumentliste for oversikt over tekniske dokument og vedlegg.

Kontraksreglar:

- Byggblankett 8407 A (ikkje vedlagt)
- NS 8407:2011 Norsk bygge- og anleggskontrakt (ikkje vedlagt)
- Bilag 1.C – Spesielle kontraksreglar

Tekniske krav til nettstasjon i bygg frå BKK:

- Tekniske krav til nettstasjon i bygg
- Tekniske krav til nettstasjon i bygg, plan og snitt

Teikningar:

- A2-109 Trafobygg og EL-tavle
- B320 Trafo
- B525 Armering – Trafo

Entreprenørens prisar:

- Bilag 3 – Vederlaget